

arsenikk var kveldens tema, med bakgrunn i at myndighetene ville legge restriksjonar på bruken- av desse våre mest effektive kjemikalier! Uhørt! Slag I bordet, truslar og knytte nevar. Men ein periode var forbi – Miljøverndep. var etablert.

Frå min tid på laboratoriet for selskapet har eg mange "minnebøker" om hendingar og folk. Mange av dei som er her i forsamlinga var med i vårt rause firma som klekka ut så mange kandidatar til overflatebransjen såvel som til våre konkurrerende malingsprodusenter! SITAT: "Idag, 17. Juni 1970 befarung til Marin prøvestasjon I Marikoven ute på Askøy. Motorbåt henter kl 900. HUSK: Kaffikjel og primus, reker ,loff og majones, wienerbrød og ei fl. Genever + protokollen.

Dei som er med: Egil Brunvoll, Eirik Falvik, Bjørn Birkeland, Bjørn Brurås, Sturle Orstein, Terje Saltnes, Torgeir Hauge, Einar Myklebust og eg,

Ludvig K. Båten var full." SITAT SLUTT

Så låg vi der då, i solstilla, såg på prøveplatene våre, lærte om marin begroing, bunnstoff og biocider, før reker og genever og nytrekt primuskaffe sette prikken over i'en. Dette var erfaringsoverføring av første klasse.

Det blei aldri oppretta ein lærestol for faget vårt innen NTH slik bransjen ville det på 60-tallet, då produksjonen av maling i Norge var på topp, oppe i 40-50 mill ltr. Industrien hadde behov for vit-skapeleg kunnskap og overflatebransjen hadde behov for kvalitetssikring gjennom betre utførsle og inspeksjon.

SITAT: 25.-30 . nov 1968 : Kurs på Teknologisk Institutt:

Videreutdanning for Ing. i malingbransjen. Forelesarar var :Herrane Thun og Kjærsmo, Victor Ch., Dr Wulfert fra YHI, m fl.

Dagboka blei eit kompendium på 40 sider, et referat som eg gjennom alle år har hatt nytte av.

Kanskje vart frøet lagt her, til TI's utmerkete lærebok for bransjen, ei bok som idag er pensum for mellom anna Frosio kursa.

27/4 1967 kl 0930 start high speed disolver for produksjon av KK Al Primer. Forsøk! Temp må ikkje over 35 0C.

Kl 1000 temp 48, 10 15 temp 60, gassutv. 1030 temp 85 Temperaturen ustoppelig. Pang!!!eksplosjon, brann, røyk, klogass over heile Laksevåg. Evakuering,

1/7 1967 0830. Lakkhuset går I lufta med et øredøvande smell, Brannalarm, svart røyk, sirener, ingen skadde, et under spør du meg. Konklusjon: Vi flytter herifrå.

15.10.76.....Dagspressa full av bilde frå Sandefjord, Jotuns anlegg står i flammer. Tragisk ulykke. For ein bransje!!!! Tør eg å fortsette??

1.07. 1971.....Klorfabrikken på Rafnes skal bygges og EB vil ha Vinyl-Tjære på alt, og det skal han jaggu få.

11.08.78.....Telefon klinger, det Klinge fra STV. Fortel om sitt

Rombaksbru- prosjekt, Duplex. Han har lagt på sink og 6 strøk KK-Alkyd, vil male ein gong for alltid...og jamen fekk han rett. Står like fin dendag idag.

17.06.1976.....Ole Thome med sitt team, Arild Rinvold, Finn W.Hansen og Odd Corneliusen, på NSFI er I vinden, etter at han hadde påvist millionar av porer i KK malinga på plattformene i Nordsjøen. Bransjen går i forsvarsgravene sine. Gigantiske test prosjekter vert sette i gang der ute for å finne ut kva som skjer. Mange av oss vil hugse resultanten av det, og vi tok lærdom, i alle fall for ei tid.

.....Akrylemulsjon fra RohnPaulen som kan brukast til "en halvblank interiørmaling!!!! Et grunnlag for INSIDE!!!! Finurlig utvikling, smart lansering og vettskremte konkurrenter . Labsjefen går til reklamefilmen.

.....Demidekk er inside og går som hakka møkk!!!

....besøk av råvareleverandører.

..sjøsetting ved BMV I Solheimsviken

.....Odd Kroken dukker opp på kontoret; Audit, kva er det?

...deep sea Bergen driv på land ved Fedje

....besøk frå UK og Japan idag

..anset ny kjemiker idag, Jonny Eriksen

....Lønnsforhandlingar med utgangskrav på min 14 %

....LUP Statoil, kan vi bli med?

04.06.1974...Det blei ei dotter idag-og eg rakk det så vidt, fødselen altså.

20.07.1989 Telefonen ringde: Ludvig, du er 50 år idag! Du må koma heim frå kontoret, gjestene sit på terrassen og venta på deg!!!

Slik kan eg bla litt her og litt der . Ser eg perspektivet i mine dagbøker, er det så mange ting ei kunne ha reflektert over. Det finns linjer i utviklinga på alle frontar, så som produktutvikling, helse og miljø, rekruttering og utdanning, data og industrien si utvikling I Noreg. Men no er det nok for idag. Eg vil berre avslutta med tre små tankekors som er dei mest påfallande:

1 Det var viktig å være best i klassen, for det var nokon som såg etter det og sette pris på det. Det er framleis viktig.

2 Vi, du og eg, var med å påverka utviklinga i ein sentral industriell periode. Har vårt arbeid gjort det lettare for ungdomen som kjem etter oss?

3 Det var bruk for meg og alle dei andre, kvar dag og kvar time, ja, det venta "eventyr" bak kvar ein sving.

Slik ynskjer eg, her frå vestkanten av Noreg, at norsk industri alltid skulle være. Att alle kan skriva meg gleda i boka si at no går det godt og gjerne teikna store smil i margen når det går som best.

Luka til .

Takk for meg.